

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Espen Hordvik frå Deloitte presenterte forslag til aktuelle kurs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Forslaget vart også delt ut på papir i møtet.

I møtet kom det fram at det er ønskeleg å legge inn kurs om habilitet i sakshandsaminga i oversikten.

Etter felles diskusjon vedtok kontrollutvalet samrøystes å be Deloitte gjennomføre halvdagskurs: «Spesialtilpassa MVA-kurs – Fokus på investeringar» i første halvår 2014. Vidare vart det semje om at Deloitte skal ajourføre oversikten ut frå dei signala som kom fram i møtet. Den ajourførte oversikten vert å leggje fram for utvalet til vidare handsaming og prioritering i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte arrangerer halvdagskurs: «Spesialtilpassa MVA-kurs – Fokus på investeringar» i første halvår 2014.
2. Vidare vert Deloitte beden om å ajourføre oversikten ut frå dei innspela som kom fram i møtet og sende den til sekretariatet innan 9.4.14.
3. På bakgrunn av ajourført oversikt skal utvalet i neste møte gjera prioritering av dei neste kursa som skal gjennomførast.